



DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENTET

24. 11. 2009
SAKSNO.
ARKIV

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Deres ref

Vår ref
200902389

Dato

20 NOV 2009

Merknader til høring om forslag til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden

Miljøverndepartementet viser til brev frå Fiskeri- og kystdepartementet av 18. august 2009 med forslag til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.

Miljøverndepartementet er positive til forslag som kan betre dei generelle miljøtilhøva i Hardangerfjorden. Etter departementets syn har Hardangerfjorden særlege utfordringar, og det er heilt naudsynt å få på plass særskilte reguleringar av akvakulturverksemd. Saman med forsterka tiltak mot m.a. lus og rømming kan dette og betre tilhøva for viltlevande bestandar av anadrome laksefisk.

Miljøverndepartementet vil først vise til at føremålet og alminnelege føresegner i naturmangfaldloven no skal leggst til grunn som retningslinjer ved offentleg myndigheitsutøving. I tillegg til lovens formålsparagraf, § 1, og § 5 om forvaltningsmål for arter skal difor følgjande lovretningslinjer i naturmangfaldloven leggst til grunn i utforminga av konkrete føresegner i forskrifta:

- Kunnskapsgrunlaget
- Føre-var-prinsippet
- Økosystemtilnærming og samla belastning
- Kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar
- Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar

Det skal synleggjorast korleis lovretningslinjene er lagt til grunn, jf. naturmangfaldloven

Postadresse
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Myntgt. 2
postmottak@md.dep.no
www.miljo.no

Telefon
22 24 90 90
Org no.
972 417 882

Avdeling for naturforvaltning
Telefaks
22 24 95 60

Saksbehandler
Øyvind Andreassen

§ 7 anna punktum. Dette betyr som et minimum at det til forskriftsvedtaket må publiserast kommentarar eller liknande slik at bruken av lovretningslinjene kan kontrollerast og etterprøves. Det er og naturleg at det i en forskrift som sendes på høyring synleggjørast korleis lovretningslinjene er anvendt.

Vi kan ikkje sjå at dette er gjort på ein tilfredsstillande måte og minner om at det er sektormyndigheitenes ansvar å sjå til at høringsutkast med påfølgande vedtak er innanfor reglene i naturmangfaldloven.

Etter vårt syn er det no vitskapeleg vist at situasjonen for villaksen i Hardangerfjorden er kritisk, og at denne utviklinga er nært kopla til oppdrettsverksemda i fjorden. Desse forholda er tydeleg dokumentert av forskingsmiljøa og reflekterast òg i arbeidet til fagetatane med å identifisere geografiske områder som er meir eller mindre aktuelle for kapasitetsauke for oppdrettsverksemd, jf. brev av 3. september 2009 frå Fiskeridirektoratet til Fiskeri- og kystdepartementet. I denne samanheng vil vi vil særleg peike på kravet til kunnskapsbasert forvaltning i naturmangfaldloven § 8.

Vi vurderer det slik at i det i dette konkrete tilfellet er ein nær samanheng mellom biomasseproduksjon av matfisk og påverknader på naturmiljøet. Vi viser derfor til naturmangfaldloven § 12, miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar.

Når det gjelder avgrensing av produksjonen viser vi derfor til fråsegn frå Direktoratet for naturforvaltning i brev av 18. november 2009. Etter departementet sitt syn er det naudsynt å redusere produksjonen monaleg dersom ein skal betre dei generelle miljøforholda og omsynet til villfisk i Hardangerfjorden. Med grunnlag i den samla vurderinga frå fagetatane i september 2009 kan det på eit reint fagleg grunnlag stillast spørsmål ved om reell oppretthalding eller ei svak produksjonsauking av laks, aure eller regnbogeaure i Hardangerfjorden vil vere i samsvar med naturmangfaldloven sin formålsparagraf om berekraftig bruk og vern, eller akvakultloven sin formålsparagraf som blant anna omhandlar berekraftig utvikling.

Ei meir berekraftig havbruksnæring i kombinasjon med levedyktige stammar av villaks bør på lang sikt vere ei målsetting som og gir det beste samfunnsmessige resultatet. På noko sikt vil det difor kunne bli naudsynt med monalege reduksjonar i biomasse, avhengig av om og kor raskt miljøtilhøva betrar seg. For å diskutere dette nærmare ber vi om eit møte før det treffest avgjerd i saken.

Når det gjeld sakleg verkeområde for forskrifta deler vi ikkje Fiskeri- og kystdepartementet sine vurderingar. Det er godt dokumentert at skottelus og torskelus som er vanlege parasittar på torsk, kan infisere anadrom laksefisk på same måte som lakselus. Oppdrett av marin fisk, må difor ventast å bidra til luseproblema på ville bestandar av laksefisk. Det har nyleg vorte kjent at alle desse lusetypane kan spreie ein microsporidie (*Paranucleospora theridion*) som gjer skader i vitale organ hos både vill og oppdretta fisk, og som aukar risikoen for smitte med andre sjukdommar.

Tilsvarande gjeld i forhold til fare for overgjødslingsproblem. Vi viser til fråsegn frå Statens forureiningstilsyn (SFT) datert 16. november 2009, kor det går fram frå "sukkertareprosjektet" at det er antyda at næringssaltar i kombinasjon med klimaendringar er årsaka til bortfall av sukkertare langs kysten av Sør-Noreg og Vestlandet. SFT meiner derfor at det er behov for ein grundig miljøovervaking av forureiningssituasjonen rundt anlegga for å undersøke effektane av utslipp av næringssaltar og organisk materiale frå fiskeoppdrett. I denne samanheng vil vi vise til naturmangfaldloven § 8 om kunnskapsgrunnlaget, § 9 om føre-var-prinsippet, og til § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

På bakgrunn av vurderingane om forureiningssituasjonen i Hardangerfjorden, og resultata frå "sukkertareprosjektet" vil vi vise til tidlegare avklaringar om at det skal setjast i gang eit overvåkingsprogram for vatnkvalitet i Hardangerfjorden.

Vi er per i dag nøgde med at Fiskeri- og kystdepartementet ikkje vil opne for nye løyver for marin fisk i Hardangerfjorden med bakgrunn næringa sitt arbeid med å få på plass ein betre lokalitetsstruktur i området.

Når det gjeld spørsmålet om geografisk virkeområde vil vi vise til vårt brev til Fiskeri- og kystdepartementet av 10. juli 2009 kor det går fram at vi ser det som naturleg at verkeområdet til den nye forskrifta omfattar dei fjordavsnitt som naturleg høyrer til Hardangerfjordsystemet, slik at også Langenuen vert dekt av forskrifta. Når det gjeld lokalitetane i Ølen-Vindafjord er vi samde med Fiskeri- og kystdepartementet i at desse blir forvalta på same måte som andre lokalitetar i Hardangerfjorden, men vi har ingen sterke meininger om en ev. justering av grensene mellom Fiskeridirektoratets region Sør og region Vest.


Avslutningsvis vil departementet kommentere at høyringsbrevet ikkje gir nokre refleksjonar på korleis økosystemet i Hardangerfjorden vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for, jf. naturmangfaldlova §10.

Miljøverndepartementet har følgende merknader til dei einskilde paragrafer i utkastet til forskrift:


§ 1: Teksten i tredje linje justerast (endringar i *kursiv*): "omsynet til ville bestandar av laksefisk og *andre villlevande organismar* og det langsiktige grunnlaget....."

§ 8: Første ledd justerast som følgjer (endring i *kursiv*): "Mattilsynet skal, av omsyn til risiko for sprenging av lakselus og *annan sjukdom*, varslast og godkjenne....."

Med helsing



Torkel Ramberg (e.f.)
ekspedisjonssjef



Øyvind Andreassen
rådgiver